



DET KONGELEGE
KULTUR- OG KYRKJEDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 114

(2001-2002)

Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr.
56 om Sametinget og andre samiske
rettsforhold (ny organisering av
arbeidet for samiske språk)

*Tilråding frå Kultur- og kyrkjedepartementet av
30. august 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innhald og bakgrunn for proposisjonen

1.1 Proposisjonens hovudinnhald

Kultur- og kyrkjedepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven) § 3-12. Forslaget til lovendring inneber ei ny organisering av arbeidet for samiske språk. Lovforslaget endrar gjeldande rett ved at ein ikkje lenger er pålagt å ha eit eige språkorgan, men overlet til Sametinget å avgjere kva som er den beste måten å organisere arbeidet på. Formålet med endringa er å legge til rette for at arbeidet for samisk språk blir organisert av det organet som har best kunnskap om samiske forhold og kjenner behova best.

Som ein følge av forslag til endring av samelova § 3-12, er det nødvendig å endre forskrift til samelovens språkregler av 30. januar 1992 nr. 79 på fleire punkt. Kultur- og kyrkjedepartementet har difor utarbeidd forslag til ny forskrift til samelovens språkreglar som har vore sendt på høyring saman med forslaget til lovendring.

1.2 Bakgrunnen for lovforslaget

Proposisjonen er dels ei oppfølging av Stortingsmelding nr. 55 (2000-2001) Om samepolitikken, og dels ei tilpassing til Sametinget sin nye organisasjonsstruktur som blei sett i verk 1. januar 2001.

Stortingsmelding nr. 55 (2000-2001) gjer greie for den prosessen som har vore sidan Sametinget blei oppretta i 1989, for å gje samane auka makt og innverknad ved å styrke Sametinget som det ansvarlege organet for utviklinga av det samiske samfunnet. Dette har m.a. medført at Sametinget i dag er tillagt forvaltingsansvar for visse administrative forhold, t.d. fordeling av økonomiske tilskot og oppnemning av representantar til ulike offentlege organ. I meldinga blir det sagt at ein vil «gi Sametinget større innflytelse og økt avgjørelsesmyndighet i saker som er av spesiell interesse for den samiske befolkningen,», jf. St.meld. nr. 55 (2000-2001) s. 36. På denne måten vil ein oppnå målsettinga om at samisk og norsk kultur skal ha likeverdige vilkår og at samisk språk og kultur skal ha gode vilkår for å utvikle seg i Noreg. Vidare blir det i meldinga sagt at oppgåver som i hovudsak rettar seg mot det samiske folket, bør bli tekne hand om av Sametinget «slik at beslutningene blir tatt av det organet som har best kunnskap om samiske forhold og kjenner behovene best», jf. St.meld. nr. 55 (2000-2001) s. 37.

25. mai 2000 fatta Sametinget vedtak om at tinget sine underliggjande råd, blant dei Samisk språkråd, skulle omorganiseras og leggjast inn under Sametinget frå 1. januar 2001.

Til grunn for Sametinget sitt vedtak ligg utgreiinga «Ansvar og administrasjon» av 23. mars 2000. Omorganiseringa byggjer på utgreiinga sitt forslag om ein «integrert sektoransvarleg avdelingsstruktur.» Dette inneber at Samisk språkråd blei lagt ned og erstatta med eit Samisk språkstyre som

behandlar og vedtek reint språkfaglege spørsmål, t.d. skriveformer og terminologiar. Språkstyret sin administrasjon er lagt til ei ny språkavdeling i Sametinget. Omorganiseringa inneber at dei reint språkfaglege oppgåvene blir lagde til eit særskilt språkstyre, medan dei administrasjonsprega oppgåvene ligg til administrasjonen ved direktøren og dei fagpolitiske oppgåvene til Sametinget.

Kultur- og kyrkjedepartementet har teke opp med Sametinget spørsmålet om kva for konsekvensar Sametinget sitt vedtak etter deira syn ville ha i høve til samelova § 3-12 med forskrifter. Etter brevveksling og møte med Sametinget uttalte departementet følgjande i brev til Sametinget av 20. juni 2001: «Kulturdepartementet har i si vurdering av saka kome til at Sametinget ikkje har kompetanse innanfor det no gjeldande regelverket til å fatte eit vedtak som inneber at eit lovfesta organ blir lagt ned og omorganisert slik det følgjer av vedtaket i sak 23/00 nr. 6, jf. nr. 4. Kulturdepartementet har i utgangspunktet ingen innvendingar til realiteten i vedtaket. Departementet er oppteke av at forholda blir lagde best mogleg til rette for arbeidet for samisk språk, og vil utarbeide forslag til endringar i samelova kapittel 3 med forskrifter.»

1.3 Arbeidet med proposisjonen

25. januar 2002 sendte Kultur- og kyrkjedepartementet eit notat med forslag om endring av samelova § 3-12 med forskrifter på høyring til følgjande instansar og institusjonar:

- Sametinget
- Samerådet
- Norske Samers Riksforbund
- Samenes landsforbund
- Samenes folkeforbund
- Norske reindriftssamers landsforbund
- Østsamene i Neiden
- Skoltene i Norge
- Nordisk samisk språknemnd
- Nordisk samisk institutt
- Reindriftsadministrasjonen
- Finnmark fylkeskommune
- Troms fylkeskommune
- Nordland fylkeskommune
- Nord-Trøndelag fylkeskommune
- Sør-Trøndelag fylkeskommune
- Fylkesmannen i Finnmark
- Fylkesmannen i Troms
- Fylkesmannen i Nordland
- Fylkesmannen i Nord-Trøndelag
- Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
- Alle departementa
- Universitetet i Tromsø
- Samisk høgskole
- Norsk språkråd
- Aja språksenter

Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet for samiske språk)

- Samisk språksenter, Porsanger
- Samisk språksenter i Skånland/Evenes
- Samisk språksenter Arran, Drag i Tysfjord
- Isak Saba senteret, Nesseby
- Tana kommune /Deanu giella
- Kautokeino kommune/Guovdageainnu suohkan
- Karasjok kommune/Kárásjoga giella
- Porsanger kommune/Porsáנגgu giella
- Nesseby kommune/Unjárgga giella
- Kåfjord kommune/Gáivuona suohkan
- Båtsfjord kommune
- Kvalsund kommune
- Alta kommune
- Sør-Varanger kommune
- Vadsø kommune
- Vardø kommune
- Berlevåg kommune
- Gamvik kommune
- Lebesby kommune
- Måsøy kommune
- Nordkapp kommune
- Hammerfest kommune
- Hasvik kommune
- Loppa kommune
- Lyngen kommune
- Nordreisa kommune
- Skjervøy kommune
- Storfjord kommune
- Balsfjord kommune
- Bardu kommune
- Berg kommune
- Bjarkøy kommune
- Karlsøy kommune
- Lenvik kommune
- Målselv kommune
- Torsken kommune
- Tranøy kommune
- Kvænangen kommune
- Tromsø kommune
- Dyrøy kommune
- Gratangen kommune
- Harstad kommune
- Ibestad kommune
- Kvæfjord kommune
- Lavangen kommune
- Salangen kommune
- Skånland kommune
- Sørreisa kommune
- Andøy kommune
- Evenes kommune
- Lødingen kommune
- Sortland kommune

- Narvik kommune
- Tjeldsund kommune
- Vestvågøy kommune
- Vågan kommune
- Øksnes kommune
- Ballangen kommune
- Beiarn kommune
- Bodø kommune
- Fauske kommune
- Gildeskål kommune
- Hamarøy kommune
- Meløy kommune
- Saltdal kommune
- Skjerstad kommune
- Sørfold kommune
- Tysfjord kommune
- Brønnøy kommune
- Dønna kommune
- Grane kommune
- Hattfjelldal kommune
- Hemnes kommune
- Høylandet kommune
- Leksvik kommune
- Levanger kommune
- Malvik kommune
- Meråker kommune
- Namdalseid kommune
- Namsos kommune
- Namsskogan kommune
- Nærøy kommune
- Rana kommune
- Rennebu kommune
- Rissa kommune
- Snåsa kommune
- Røros kommune
- Røyrvik kommune
- Selbu kommune
- Steinkjer kommune
- Stjørdal kommune
- Trondheim kommune
- Tydal kommune
- Vefsn kommune
- Verdal kommune
- Verran kommune
- Vikna kommune
- Bindal kommune
- Bø (Vesterålen) kommune
- Flakstad kommune
- Hadsel kommune
- Herøy kommune
- Leirfjord kommune
- Lurøy kommune

- Moskenes kommune
- Nesna kommune
- Rødøy kommune
- Røst kommune
- Steigen kommune
- Sømna kommune
- Træna kommune
- Vega kommune
- Flatanger kommune
- Fosnes kommune
- Frosta kommune
- Grong kommune
- Inderøy kommune
- Leka kommune
- Lierne kommune
- Mosvik kommune
- Overhalla kommune
- Agdenes kommune
- Bjugn kommune
- Frøya kommune
- Hemne kommune
- Hitra kommune
- Holtålen kommune
- Klæbu kommune
- Meldal kommune
- Melhus kommune
- Midtre Gauldal kommune
- Oppdal kommune
- Orkdal kommune
- Osen kommune
- Roan kommune
- Skaun kommune
- Snillfjord kommune
- Ørland kommune
- Åfjord kommune

Den alminneleg høyringsfristen var sett til 7. mars samme år. Sametinget fekk høve til å uttale seg om forslaget på bakgrunn av dei andre høyringsfråsegnene innan 18. april 2002. I tillegg til dei utpeika høyringsinstansane har alle som har bede om det, fått høyringsnotatet tilsendt for å kunne komme med ei evt. fråsegn.

Det kom inn i alt 27 høyringsfråsegner til notatet. Følgjande instansar har hatt realitetsmerknader til høyringsnotatet: Sametinget, Reindriftsforvaltninga, Kommunal- og regionaldepartementet, Fylkesmannen i Finnmark, Kautokeino kommune, Universitetet i Tromsø og Norske Reindriftsamers Landsforbund. Innhaldet i høyringsfråsegnene blir behandla seinare i proposisjonen i tilknytning til dei enkelte punkta i lovforslaget, men generelt kan ein seie at dei fleste høyringsinstansane sluttar seg til hovudinnhaldet i forslaga i høyringsnotatet.

2 Departementets vurderingar og forslag - § 3-12 første ledd

2.1 Departementets forslag i høyringsnotatet

Samelova av 12. juni 1987 nr. 56 § 3-12 første ledd har i dag følgjande ordlyd:

«Det opprettes et Samisk språkråd. Sametinget oppnevner rådets medlemmer og fastsetter hvem som skal være rådets leder og nestleder.»

Språkrådet sine funksjonar er bestemt i § 2 i forskrift fastsett av Kulturdepartementet 30. januar 1992. I høyringsnotatet gjorde Kultur- og kyrkje departementet framlegg om å endre § 3-12 første ledd slik at ein ikkje lenger er pålagt å ha eit språkorgan, men legg ansvaret for arbeidet med vern og vidare utvikling av dei samiske språka i Noreg til Sametinget. Departementet foreslo følgjande endring: «Sametinget har ansvaret for å legge til rette for vern og vidare utvikling av samiske språk i Norge.»

2.2 Høyringsinstansanes syn

Fleire av høyringsinstansane støttar dette punktet i lovforslaget der Sametinget får ansvaret for å legge til rette for vern og vidare utvikling av dei samiske språka i Noreg. *Universitetet i Tromsø* viser til Stortingsmelding nr. 55 (2000-2001) der det blir teke til orde for å gje Sametinget større innverknad og auka kompetanse i saker som er av spesiell interesse for det samiske urfolket, og uttalar følgjande: «Universitetet i Tromsø støtter derfor forslaget om ny § 3-12 første ledd, som overlater til Sametinget å avgjøre hva som er den beste måten å organisere språkarbeidet på. Vi forutsetter at denne organiseringen styrker synliggjøringen av samisk språkpolitisk og språkfaglig arbeid i Sametinget. Det er vidare en forutsetning at de økonomiske vilkårene for å ivareta ansvaret for vern og utvikling av samisk språk til enhver tid sikres.»

Sametinget har i si høyringsfråsegn foreslått følgjande endring i utkastet til § 3-12 første ledd: «Sametinget har fullmakt til å legge til rette for vern og vidare utvikling av samisk språk i Norge på grunnlag av Grunnlovens § 110 a, internasjonale konvensjoner og den Europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.»

I Sametinget si grunngeving for den foreslåtte endringa heiter det:

«I loven bør det stå at Sametinget gis fullmakt til å forvalte samisk språk i Norge og ikke at Sametinget får ansvaret for forvaltningen, da Sametinget er avhengig av de enkelte års bevilgninger på statsbudsjettet og kan således ikke ta det hele og fulle ansvar for denne saken så lenge Sametinget ikke har ubegrensede ressurser til disposisjon. Sametinget skal også i følge lovforslaget rapportere til departementet om utviklingen og da er det naturlig at departementet eller staten fortsatt har ansvaret for utvikling av samisk språk i Norge. Med fullmakt til å forvalte vil Sametinget kunne forvalte innenfor de rammer som til enhver tid er til disposisjon fra statens side. Det er også viktig at det understrekes i loven at forvaltningen av samisk språk skal skje på

grunnlag av § 110 a i Grunnloven og på grunnlag av internasjonale konvensjoner som Norge har sluttet seg til og den Europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk som går lenger enn Samelovens språkbestemmelser i å definere hva som skal forefinnes på minoritetsspråk av offentlig informasjon.»

Fylkesmannen i Finnmark uttalar at han finn det rimeleg at § 3-12 og forskrifta blir endra i tråd med måten forvaltninga av samisk saker nå er organisert på.

Reindriftsforvaltninga peikar på at når Sametinget får kompetanse til å organisere arbeidet med språkvern og språkutvikling, så er det viktig at Sametinget opprettheld eit språkstyre som har eit fagleg ansvar for godkjenning av ordlister m.v. Dei uttalar vidare at dette organet også bør ha kompetanse til å fatte endeleg avgjerd i spørsmål der det oppstår usemje om formuleringa i offentlege dokument.

Norske Reindriftsamers Landsforbund foreslår at det i samelovas språkreglar klarare må kome fram at Sametinget også har ansvaret for vern av rein-driftsterminologien.

Forslaget til lovtekst gjeld samiske språk i Noreg. Tidlegare har ein ofte berre brukt nemninga det samiske språket. Om dette uttalar *Kommunal- og regionaldepartementet* følgjande: «Kommunal- og regionaldepartementet merker seg at man i utkast til lov forplikter seg overfor de ulike samiske språk/dialektene. Vi støtter dette, og anser dette som en prinsipiell viktig videreutvikling av same- og språkpolitikken.»

Kautokeino kommunemeiner det er bra at ein no nyttar nemninga samiske språk for å likestille samiske dialekter/språk i Noreg. *Reindriftsforvaltninga* meiner at nemninga språk bør nyttast i lovteksten, og ikkje språk/hovuddialektar. Dei meiner dette vil få tydelegare fram at det er tre offisielle samiske språk i Noreg.

Norske Reindriftsamers Landsforbund er einig med departementet i at ein må presisere at det finnest fleire samiske språk/hovuddialektar; nord-samisk, sørsamisk, lulesamisk og austsamisk/skoltesamisk, og at alle skal ha lik rett til vern og vidare utvikling. *Universitetet i Tromsø* viser også til at lovforslaget skal sikre arbeidet med vern og utvikling av dei samiske språka/dialektane, men understrekar at også dialektmangfaldet innan nordsamisk må takast vare på i språkarbeidet.

2.3 Departementets vurderingar

2.3.1 Høyringsnotatet

I høyringsnotatet skreiv Kultur- og kyrkjedepartementet m.a. følgjande i si vurdering av lovforslaget:

«Utkast til nytt § 3-12 første ledd er i tråd med prinsippa som det er gjort greie for i Stortingsmelding nr. 55 (2000-2001) Om samepolitikken om å overføre meir kompetanse til Sametinget. Lovforslaget inneber at arbeidet for samiske språk blir organisert av det organet som har best kunnskap om samiske forhold og kjenner behova best.

Etter gjeldande rett er kompetansen til å fastsette nærare reglar for organiseringa av arbeidet for samisk språk lagt til Kongen, jf. samelova § 3-12 andre ledd ovanfor. Denne kompetansen er ved kgl. res av 20.

desember 1991 nr. 823 lagt til Kulturdepartementet, no Kultur- og kyrkjedepartementet. Departementet gjer framlegg om at ein ved lov gjev Sametinget kompetanse til å organisere arbeidet for samiske språk. Dette inneber at det blir opp til Sametinget å avgjere korleis dette språkarbeidet skal gå føre seg, t.d. om det skal vere eit særskilt organ og kva for oppgåver eit slikt organ evt. skal ha. Men forslag til lovtekst presiserer at formålet med språkarbeidet skal vere språkvern og språkutvikling.»

Det blei i høyringsnotatet presisert at Kultur- og kyrkjedepartementet framleis vil ha eit overordna ansvar for arbeidet med samiske språk gjennom forvaltninga av samelova sine språkreglar. Departementet har framleis eit tilsynsansvar, og vil kunne gripe inn ovafor Sametinget i kraft av å vere forvaltar av språkreglane i samelova, som heimlar Sametinget sin kompetanse. I høyringsnotatet blei det òg vist til at lovforslaget er i tråd med prinsippa i Grunnlova § 110 a og ulike internasjonale konvensjonar om samisk språk som Noreg har ratifisert, t.d. den Europeiske pakta om regions- eller minoritetsspråk.

Sametinget har i si høyringsfråsegn gjort framlegg om ei endring i høve til departementet sitt forslag. Sametinget ønskjer ei formulering der dei får «fullmakt til» å leggje til rette for vern og vidare utvikling av samisk språk i Noreg. Bakgrunnen for dette er at Sametinget meiner dei ikkje kan ta ansvaret for å forvalte samisk språk så lenge dei ikkje har uavgrensa ressursar til disposisjon. Sametinget peikar òg på at så lenge dei ifølgje lovforslaget skal rapportere til departementet om situasjonen for samiske språk, vil det vere naturleg at departementet eller staten framleis har ansvaret for utvikling av samiske språk i Noreg.

Departementet viser til høyringsnotatet der det blir presisert at Kultur- og kyrkjedepartementet framleis vil ha eit overordna ansvar for arbeidet med samiske språk gjennom forvaltninga av samelova sine språkreglar. Lovforslaget var meint å innebære at Sametinget skal arbeide for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg, og at Sametinget sjølv kan få avgjere korleis dei nærare vil organisere dette arbeidet.

Når det gjeld å gje Sametinget det nærare ansvaret for arbeidet med samiske språk, er det i samsvar med det som er situasjonen i dag. Etter gjeldande rett har Samisk språkråd «ansvaret for å utvikle og bevare samisk språk i Norge», jf. forskrift til samelovens språkregler § 2 nr. 2. I følgje Sametinget er rådet sine oppgåver no flytta over til Samisk språkstyre og Sametinget si språkavdeling etter at Sametinget omorganiserte si verksemd. Lovforslaget vil difor ikkje pålegge Sametinget noko nytt eller meir omfattande ansvar enn det dei allereie har påteke seg.

2.3.2 Nytt forslag til § 3-12 første ledd

Departementet meiner det er uheldig dersom lovforslaget er egna til å skape tvil om kven som har det overordna ansvaret for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg. Departementet finn difor grunn til å endre sitt opphavlege forslag til § 3-12 første ledd, sjå nedanfor. Det følgjer både av Grunnlova § 110 a og internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, at styresmaktene har eit overordna ansvar for å legge til rette for vern og utvikling av samiske språk. Styresmaktene følgjer opp dette ansvaret ved å påleggje Sametinget å drive samisk språkarbeid, og må ta omsyn til desse pliktene i

sine løyvingar til Sametinget. Sjå elles omtalen under kap. 4 Økonomiske og administrative konsekvensar.

Det er likevel ikkje etter departementet si oppfatning nødvendig å bruke omgrepet «fullmakt» i lovforslaget slik Sametinget gjer framlegg om for å klargjere ansvarsforholdet. «Fullmakt» er lite egna i denne samanhengen då det ikkje er eintydig og kan bidra til å gjere lovteksten uklar. Det vil heller ikkje gå fram av lovteksten at Sametinget har plikt til å arbeide for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg. Som nemnd ovafor eksisterer det allereie ei slik plikt etter forskriftene til samelovens språkreglar, og departementet ønskjer ikkje å endre dette.

Sametinget har i sitt framlegg til ny § 3-12 første ledd vist til at forvaltninga av samiske språk skal skje på grunnlag av § 110a i Grunnlova og på grunnlag av internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, og meiner at det er viktig at dette kjem til uttrykk i lova. Departementet finn inga grunn til å presisere at det samiske språkarbeidet skal skje på grunnlag av Grunnlova § 110 a og internasjonale konvensjonar som Noreg har ratifisert. Dette er noko som ligg til grunn for og som det blir teke omsyn til ved all lovforvaltning i Noreg. Det er difor ikkje nødvendig å slå fast i lovteksten noko som er sjølv sagt, nemleg at norske styresmakter opptre i samsvar med Grunnlova og internasjonale konvensjonar som Noreg er bunden av. Ved å vise til nokre, men ikkje alle relevante internasjonale konvensjonar i lovteksten, vil ein òg kunne skape tvil om kva for plikter som er omfatta av lovteksten.

På bakgrunn av det som er sagt ovafor finn departementet grunn til å endre sitt opphavlege forslag til § 3-12 første ledd. I samsvar med drøftinga som her er gjort, gjer departementet følgjande framlegg til ny § 3-12 første ledd: «Sametinget skal arbeide for vern og vidare utvikling av samiske språk i Norge.»

Departementet finn det ikkje naturleg å presisere nærare i lovteksten kva dette språkarbeidet skal omfatte eller korleis arbeidet skal organiserast innanfor dei rammene lovforslaget set slik Reindriftsforvaltninga og Norske Reindriftsamers Landsforbund gjer framlegg om. Dette er best i samsvar med dei prinsippa som er lagt til grunn i samepolitikken.

2.3.3 Samiske språk

Forslaget til lovtekst gjeld samiske språk i Noreg. Tidlegare har ein ofte berre brukt nemninga det samiske språket. Departementet vil med fleirtalsformuleringa presisere at ein i Noreg har fleire samiske språk; nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk og austsamisk/skoltesamisk. Sametingets arbeid skal omfatte alle desse. Samstundes vil det vere ein viktig del av arbeidet å ta vare på dialektane innanfor desse språka.

Fleire av høyringsinstansane har merka seg denne endringa, og støttar departementet sitt forslag. Departementet har i samråd med Sametingets språkavdeling nytta nemninga samiske språk i utkastet til ny lovtekst.

3 Departementets vurderingar og forslag - § 3-12 andre ledd

3.1 Departementets forslag i høyringsnotatet

Samelova av 12. juni 1987 nr. 56 § 3-12 andre ledd har i dag følgjande ordlyd:

«Kongen gir nærmere regler om rådets sammensetning, organisasjon, funksjonstid, oppgaver m.v.»

I høyringsnotatet gjorde Kultur- og kyrkjedepartementet framlegg om å oppheve den noverande regelen i § 3-12 andre ledd som ein følgje av den foreslåtte endringa i § 3-12 første ledd. Endringa inneber at kompetansen til å organisere arbeidet for samiske språk blir lagt til Sametinget, jf. omtalen under punkt 2.3.1. Samstundes gjorde departementet framlegg om ny § 3-12 andre ledd med følgjande ordlyd: «Sametinget utarbeider hvert fjerde år en rapport til Kongen om situasjonen for samiske språk i Norge.»

3.2 Høyringsinstansanes syn

Sametinget har i si høyringsfråsegn ikkje uttala seg særskilt om forslaget til ny § 3-12 andre ledd.

Kommunal- og regionaldepartementet støttar forslaget.

Fylkesmannen i Finnmark uttalar følgjande om den foreslåtte rapporteringsordninga: «I forskriftens (§2) punkt 4 a og b står det at omfanget av bruken av samisk språk i lokale og regionale organ og samiske institusjoner, som omfattes av samelovens kapittel 3 og denne forskriften, skal rapporteres til Kulturdepartementet. Dette gjelder også Fylkesmannen, mens lover, regler og forskrifter vi forvalter har sentrale forvaltningsorgan som avsender. Vi vil derfor bemerke at det ville være naturleg at også departementers og direktoraters bruk av samisk i henhold til § 3-2 i sameloven ble gjenstand for rapportering.»

Reindriftsforvaltninga viser til lovforslaget, og uttalar at «Det kan tenkes at det er tilstrekkelig ut fra det forhold at det er i Sametingets interesse at samisk språk har gode vilkår.» Dei meiner at det ikkje vil vere tilstrekkeleg at Sametinget omhandlar samisk språk i si årsmelding, og grunnjev dette med at det i ei slik årsmelding kan vere vanskeleg å gå djupt nok ned i problemstillingane slik at samisk språk får det nødvendige vern.

3.3 Departementets vurdering

Som nemnd under punkt 2.3.1 vil Kultur- og kyrkjedepartementet framleis ha eit overordna ansvar for samelova sine språkreglar. For å kunne føre tilsyn med lova på ein best mogleg måte, er det viktig at departementet har informasjon om situasjonen for samiske språk i Noreg og om Sametingets språkarbeid.

Utkastet til lovtekst er formulert i lys av den nojeldande forskrifta § 2 nr. 4 der det i 1.pkt. heiter at Samisk språkråd utarbeider ein årleg rapport til Sametinget om situasjonen for samisk språk i Noreg. Det vil seie at det allereie i dag eksisterer ei årleg rapporteringsordning heimla i forskrift til samelovens språkreglar. Det følgjer av den nojeldande forskrifta § 2 nr. 4 andre ledd at Sametinget skal oversende Samisk språkråd sin årlege rapport til Kulturdepartementet, og leggje rapporten ved Sametingets årlege melding til Kommunaldepartementet.

Departementet tek difor ikkje her sikte på å opprette ein ny rapporteringsordning, men vil framleis knytte rapporteringa til Sametingets årsmelding som blir lagt fram for Kongen (Kommunal- og regionaldepartementet), jf. samelova § 1-3. Årsmeldinga blir lagt fram for Stortinget som ein del av ei stortingsmelding kvart år. Etter nojeldande ordning omtalar Sametingets årsmelding språk, og slik vil det framleis vere, men forslaget til lovtekst sikrar at ein kvart fjerde år får ei grundig vurdering av situasjonen for dei samiske språka. Det vil ikkje vere naturleg med ei slik omfattande rapportering oftare enn kvart fjerde år. Rapporteringa blir då knytt til prinsippmeldinga om samepolitikken som Kommunal- og regionaldepartementet legg fram kvart fjerde år.

Når det gjeld kva ein rapport om situasjonen for samiske språk i Noreg nærare skal innehalde, vil det m.a. vere naturleg å legge til grunn formuleringane i den nojeldande forskrifta § 2 nr. 4 der ein finn ei opplisting av tema for ei utgreiing om situasjonen for samiske språk i Noreg. Rapporten bør vise korleis dei ulike føresegnene i samelova kapittel 3 blir følgd opp i praksis. Dette inneber at rapporten m.a. bør omhandle omfanget av bruken av samiske språk i alle offentlege organ som blir omfatta av reglane, t.d. i departementa når dei utarbeider forslag til lover og forskrifter som skal omsetjast til samisk etter reglane i samelova § 3-2.

Vidare bør ein slik rapport m.a. innehalde informasjon om opplæring i og på samisk i offentlege utdanningsinstitusjonar, omfanget av bruken av dei samiske språka i dei ulike samiske busetjingsområda, og omtale forslag til tiltak for vern og styrking av dei samiske språka i Noreg.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Kultur- og kyrkjedepartementet kan ikkje sjå at lovforslaget medfører økonomiske konsekvensar. Lovforslaget inneber at ein ikkje lenger er pålagt å ha eit eige språkorgan, men overlet til Sametinget å avgjere kva som er den beste måten å organisere arbeidet på.

Når det gjeld forslaget til ny § 3-12 første ledd, må dette vurderast opp mot kva som er gjeldande rett i dag. Forskrift til samelovens språkregler § 2 nr. 2 slår fast at «Samisk språkråd har ansvaret for å utvikle og bevare samisk språk i Norge.» Utkastet til ny § 3-12 første ledd har teke utgangspunkt i dette. Då Sametinget fatta sitt omorganiseringsvedtak 25. mai 2000, innebar dette at Samisk språkråd si verksemd skulle leggjast ned frå 1. januar 2001. I følge Sametinget er rådet sine oppgåver no flytta over til Samisk språkstyre og Sametinget si språkavdeling. Utkastet til lovforslag inneber difor ikkje nye økonomiske konsekvensar for Sametinget då det ikkje er tale om å påleggje Sametinget andre oppgåver enn det som følgjer av den no gjeldande forskrifta, og som Sametinget allereie har utført etter at deira nye organisasjonstruktur blei sett i verk frå 1. januar 2001. Økonomiske midlar som Sametinget tidlegare overførte til Samisk språkråd, kan Sametinget framleis disponere til språkarbeid.

Når det gjeld forslag til nytt § 3-12 andre ledd, viser Kultur- og kyrkjedepartementet til drøftinga under punkt 3.3 der det går fram at ein med lovforslaget ikkje tek sikte på å opprette ei ny rapporteringsordning. Allereie i dag eksisterer det ei årleg rapporteringsordning heimla i forskrift til samelovens språkreglar § 2 nr. 4. Departementet legg heller ikkje opp til at rapporten skal avvike vesentleg frå dei rapportane som skal utarbeidast etter gjeldande rett i dag når det gjeld innhald eller omfang.

Den einast endringa i høve til rapportering om situasjonen for samiske språk som lovforslaget legg opp til, er at ein ikkje lenger skal rapportere årleg, men kvart fjerde år. Det har vist seg i praksis at det ikkje er naturleg med ein omfattande rapport oftare en kvart fjerde år. Rapporteringa blir då knytt til prinsippmeldinga om samepolitikken som Kommunal- og regionaldepartementet legg fram kvart fjerde år.

Lovforslaget vil difor ikkje medføre nye arbeidsoppgåver for Sametinget som krev auka ressursar. Delar av dei økonomiske midlane løyva til Sametinget over Kommunal- og regionaldepartementet sitt budsjett, skal i følge forskrift til samelovens språkregler § 2 nr. 5 dekke Samisk språkråd sine utgifter. Det er ikkje skjedd endringar i løyvinga frå Kommunal- og regionaldepartementet til Sametinget som ei følge av at Samisk språkråd er lagt ned. Midlar som Sametinget tidlegare overførte til Samisk språkråd, kan Sametinget difor framleis disponere til språkarbeid.

Om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet for samiske språk)

Kultur- og kyrkjedepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet for samiske språk)

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet for samiske språk) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endring i lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold (ny organisering av arbeidet for samiske språk)

I

I lov 12. juni 1987 nr. 56 om Sametinget og andre samiske rettsforhold skal § 3-12 lyde:

§ 3-12 Organisering av samisk språkarbeid

Sametinget skal arbeide for vern og videre utvikling av samiske språk i Norge.

Sametinget utarbeider hvert fjerde år en rapport til Kongen om situasjonen for samiske språk i Norge.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

